



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato
20.12.2017
Dykkar dato
27.10.2017

Vår referanse
2017/10819 421.4
Dykkar referanse
17/3016

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Kvinnherad - Detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet - Del av gnr. 208 mfl. - Offentleg ettersyn

Vi viser til brev av 27.10.2017, dykkar ref. 2017/3016, om offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet. Høyringsfristen vart i utgangspunktet sett til 08.12.2017. Fylkesmannen har i brev av 06.12.2017 fått utvida høyringsfrist til 22.12.2017.

Fjelbergsambandet er eit vegprosjekt for å binde saman øylene Halsnøy, Fjelbergøy og Borgundøy. Prosjektet har ei samla lengde på 6,1 km inklusive bruer. Tiltaket er i hovudsak i samsvar med vedteken kommunedelplan for Fjelbergsambandet av 2012, utanom kryssinga av Sundnessundet.

Fylkesmannen sin samordningsfunksjon

I løpet av høyringsperioden har Fylkesmannen motteke uttaler til planen frå andre statlege sektormyndigheter. Vi har til no ikkje motteke uttaler med motsegner. Statens vegvesen har likevel meldt trong for utsett uttalefrist då dei har behov for å fråvikshandsame den planlagde vegstandarden. Vi har vorte informert om at kommunen har stadfesta utvida uttalefrist for Statens vegvesen, jf. e-post av 11.12.2017.

Fylkesmannen skal som kjent samordne høyringsuttalene frå statsetatane, vurdere eventuelle motsegner og merknader som kjem inn og gje ein samla uttale til kommunen. I Hordaland har dette blitt løyst ved at det, innan utløp av høyringsfristen, om naudsynt vert halde eit samordningsmøte mellom aktuelle statlege styringsmakter og Fylkesmannen, der innhald i motsegnspunkta og forankring av desse vert diskuterte. Deretter vert kommunen invitert til eit dialogmøte. Dialogmøtet er valfritt. Dersom kommunen ønskjer denne utvida dialogen, vert det sendt ut ein samordna utale i etterkant. Av denne uttalen vil det gå fram kva for motsegner som faktisk blir fremja, eventuelt avskorne eller vert rekna som uaktuelle etter at ein utvida dialog med kommunen som planstyresmakt er gjennomført.

Kva gjeld vår samordningsfunksjon, vil det såleis vere naudsynt at også Fylkesmannen får utvida høyringsfrist, i påvente av avklaring i fråvikshandsaminga. Vi har likevel i denne saka valt å sende over våre merknader til planen slik han no ligg føre, for ev. å lette kommunen sitt vidare arbeid med planen. Skulle det skje vesentlege endringar som får verknader i høve til vårt medverknads- og samordningsansvar, vil vi kome attende til dette i ein eventuell samordna utale.

Fylkesmannen si vurdering av planframlegget

Fylkesmannen legg vekt på at planframlegget i hovudsak følgjer opp føringane i underliggende kommunedelplan. Etter det vi kan sjå er merknadene våre til planoppstarten teke omsyn til i plandokumenta ved offentleg ettersyn.

Landskap og Naturmangfald

Verknader planforslaget vil ha for m.a. landskapsbilete og naturmangfald er etter det vi kan sjå tilfredsstillande vurdert i planskildringa og konsekvensutgreiinga. Naturmiljø og landskapsbilete vil også vere tema for «YM-planen» som skal leggjast til grunn for detaljprosjekteringa, bygginga og drifta av anlegget. Vi set pris på at det er utarbeidd tenlege illustrasjonar av bruene, slik at prosjektet vert enklare å visualisere for ålmenta.

Støy

Fylkesmannen legg til grunn at det ikkje ligg støyfalsame bygg innanfor raud eller gul støysone med omsyn til rekneparameter L_{den} . Når det gjeld den eine bustaden som ligg innanfor gul støysone med omsyn på maksimalnivå L_{5AF} på nattestid, legg vi vekt på at utandørs fasadenivå ikkje har verdiar over grensa på $L_{5AF} > 70$ dB. Vi finn elles at reguleringsføresegn § 2.4 tilfredsstiller støykrava for bustader, jf. retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442.

Risiko og beredskap

I følgje ROS-analysen er planområdet lite til moderat sårbart overfor dei utgreia farane. Fylkesmannen tek dette til etterretning og vil elles poengtene at vegprosjektet venteleg vil auke den generelle samfunnstryggleiken på Borgundøy og Fjelbergøy ved at øyane vert gjort landfaste.

Generelt om reguleringsføresegnene

Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og krava til dei einskilde byggetiltaka, jf. pbl. § 1-1 femte ledd. For eit så omfattande vegprosjekt som Fjelbergsambandet rår Fylkesmannen til at reguleringsføresegnene presiserer at prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn ved prosjektering av veganlegg.

Plankartet syner ei mengde avkøyrspilar som punktsymbol. Vi legg til grunn at plassering på plankartet ikkje skal vere juridisk bindande, og rår difor til at reguleringsføresegnene forklarar dette nærrare, t.d.: «Pilene som viser plassering av avkøyringar på plankartet er rettleiande, men frå kva veg tomta skal ha tilkomst, er bindande. Ved justering av plasseringa, skal det dokumenterast at avkøyrsla ikkje kjem i konflikt med kryss, kurvatur o.l. Avkøyrslene skal oppfylle fysiske krav gitt av vegmyndigkeit, medrekna krav til sikt.»

Fylkesmannen ønskjer lykke til vidare med planarbeidet, og vil elles stå til rådvelde for ein utvida dialog med kommunen og Statens vegvesen, om partane seinare ser trong for det.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Christian Johan Alstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------------|---------------|------|-----------|
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | Ålesund |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |
| Statens Vegvesen, Region Vest | Postboks 43 | 6861 | LEIKANGER |